

Dei er framleis yrkesaktive, men dei har likevel passert 40 år som kommunetilsette. Tirsdag 4. desember vert difor Britt Jorunn Arnesen og Aud Isaksen Haugland heidra av kommunen som arbeidsgjevar. Dette skjer på ei tilstelling på Rosendal Fjordhotel der tilsette med 40 og 25 års fartstid i kommunen er invitert. Fire av dei inviterte har vore i kommunal teneste i 40 år.



Britt Jorunn har jobba i denne skulen heilt frå starten

Det var på midten av 1960-talet at ungjenta Britt Jorunn Sandal, som ho då heitte, kom frå Røldal til Uskedalen for første gang. Ho var då tilsett på Uskedalen skule som student-lærer, og undervisningsplassen hadde ho då på gamleskulen og på gamlekopen der Brukt-Liso held til no.

Opphaldet varte i den omgangen berre i eitt år før ferda gjekk vidare til lærarutdanning. Gjennom undervisninga ho gav elevane sine dette året, viste ho stor fagleg dugleik samstundes som som ho viste seg som ein svært grundig, arbeidsam og ryddig lærar. Den vakre og stødige handskrifta vart og lagt merke til.

Alle desse sterke eigenskapane hadde ho med seg då ho kom tilbake til skulen eit par år seinare som nyutdanna allmennlærer. Dette har og vore noko av kjennemerka hennar alle arbeidsåra etterpå.

Ho var først vanleg lærar i mange år, men då Gunnar Ulvenes måtte slutta av som rektor grunna sjukdom, var Britt eit naturleg val for denne leiarstillinga. Mange sette pris på at ho takka ja til dette. Ho styrte skulen, og seinare barnehagen også, på ein god og ryddig måte til ho trekte seg tilbake og gjekk inn i ein vanleg lærarstilling for nokre få år sidan. No er ho kontaktlærer i andreklasse.

Ho vert ikkje åleine som frå Uskedal Oppvekstsenter på tilstellinga. Bjørg Møyfrid Fredheim, Kari Gjesdal Svinth og Rannveig F. Helleland har vore tilsett 25 år i kommunen og er såleis invitert.

Aud Isaksen Haugland har også 40 års fartstid som kommunetilsett. Hennar jobb har ikkje vore like "synleg" for bygdefolket. Ho har heile tida vore tilsett ved kommuneadministrasjonen i Rosendal. Også dette er ei dugande, ryddig og arbeidsam dame med stor fagkunnskap. Med ansvar innanfor kommunen sitt rekneskap er nok dette viktige eigenskapar. Kollegarar i rådhus-miljøet omtalar Aud med svært positive ordelag.

Bygdafolk som er tilsett i andre verksemdar som også har 25 års tenestetid er Solbjørg Musland, Laila Gravdal, Thor Inge Døssland og Solveig Kjærland.

Av: Thor Inge Døssland(ein av Britt sine mange tidlegare elevar)